

Ny kai til påske.

24.02.2015



Arbeidet med kaien er starta.

Kvinnherad var ein av kommunane i fylket som fekk flest skadar under stormen Nina i januar. Også her i bygda vart det betydelege skadar. Mellom anna vart trekaien ved Sandakaien øydelagt. Den vart riven opp og smadra i uveret. No er arbeidet med ny kai i gang.

Gunn Mari Moberg fortel at det er ein forsikringsjobb, og det er 35-40 meter kailengde som no skal erstattast. Arbeidet skal vera fullført i god tid før påske så dermed er det klart til båtsesongen startar.

Det er snikrar frå Byggservice som utfører arbeidet. Dei fortel at dei er innleigde av Frank Søllesvik til jobben.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland